

SØKNAD OM DISPENSASJON

For tiltak på følgende eiendom

Gnr.	6	Bnr.	68	Fnr.:	
Adresse	Risneskaien 4				
	5986 Hosteland				

Søknaden sendes inn av

Namn tiltakshavar	Masfjorden Elektro AS v/ Vigeik Daae				
Adresse tiltakshavar	Risneskaien 4				
Kontaktperson	Bjørn Rune Kvinge				
Telefon	456 03 190	e-post-adresse	post@brkvinge.no		

Vi søker om dispensasjon fra , sett kryss for det riktige (jfr plan- og bygningslova kap 19)

	Plan- og bygningslova (pbl)
	Byggteknisk forskrift (TEK17)
X	Kommuneplanens arealdel
	Kommunedelplan for:
	Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelseplan)
	Anna, beskriv:

Vi søker om dispensasjon fra følgende krav i lov/forskrift

1. Kommuneplan for Masfjordne 2018-2030, dispensasjon fra føremål
2. Kommuneplan for Masfjordne 2018-2030, dispensasjon fra krav om reguleringsplan
- 3.



For å kunna byggja / utføra følgjande tiltak

Legga ut flytande naust ved privat kai på næringseigedom til bruk i næring.

Vi søker om (sett kryss)

X	Dispensasjon etter § 19-1 (permanent)	
	Dispensasjon etter § 19-3 (midlertidig)	fram til dato

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden

I brev av 21.01.2022 har kommunen gjeve varsel om pålegg om å fjerne flytande naust som er lagt utan at kommunen har gjeve løyve.

Det vert søkt om løyve til oppføring av flytande naust.

Eigedomen ligg i området som i kommuneplan er definert som 1800 kombinert bygge- og anleggsføremaal. Det er oppført næringsbygg på eigedomen, bygg 15173688 er eit «Driftsbygg for fiske/fangst/oppdrett». Dette bygget har eit tilbygg. Bygg 15178019 er eit «Anna forretningsbygg» for tenesteyting. Det er på eigedomen også etablert ein kai for næringsdrift.

Eigedomen var etablert i 1984, Alfa Laks AS hadde festeavtale. Det vart bygga anlegg brukt som fiskemottak. I 2006 overtok Masfjorden Elektro AS festerett til eigedomen og har drive næringsdrift fram til d.d.

Området i sjøen utanfor eigedomen har i kommuneplanen føremål «6230 Området for småbåthamn». I føresegner til kommuneplanen pkt 5.3.2 er det skrive: Føremålet er småbåthamn i sjø og tilhøyrande strandsone med naudsynt infrastruktur, parkering, tekniske anlegg og eventuelt servicebygg. Området omfattar ikkje naust. I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltaket er tillate med mindre anna framgår av desse føresegnene. I samband med kvar einskild reguleringsplan må det tidleg avklarast om bruken skal avgrensast til spesielle eigedomar, eller om det skal vere eit anlegg for småbåtar av meir ålmenn karakter.

Det er i føresegner lista 9 byggjeområde for småbåthamn i kommunen som krev reguleringsplan, Risnes er ikkje med her. Det er også gjeve unntak frå krav om reguleringsplan for 8 mindre etablerte anlegg der plassering og storleik er spesifisert. Risnes er heller ikkje med her.

Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan. Det vert søkt dispensasjon for å plassera tiltaket i areal som i kommuneplanen er avsett til anna føremål. Det kan av føresegner også tolkast som at tiltaket skal inngå i reguleringsplan for å få det tillate og da må det dispenserast frå dette kravet også.

Tiltaket er plassert ved ein næringseigedom og vert ein del av næringa på eigedomen. Eksisterande kai er del av eigedomen og sjøen på utsida av kaien må da også reknast som

del av areala denne egedomen disponerer for å driva si verksemd. Kaien var brukt ved mottak av fisk til fiskemottaket som var i drift fram til tidleg på 2000-tallet.

Drifta til Masfjorden elektro AS som er heimelshavar av egedomen i dag er elektroinstallasjon og service av elektriske anlegg i Masfjorden, Gulen, Alver og Høyanger kommunar.

Risnes ligg sentralt i eit området med mykje aktivitet på sjøen og svært mange har båtar med elektrisk installasjon. Ein del av verksemda til Masfjorden elektro er da reparasjonar av det elektriske anlegget i båtar. Da er eit flytande naust eit svært nyttig anlegg for på ein enkel måte å kunna utføra denne type arbeid. For bygging og reparasjonar av faste installasjonar på land er ein del av kundane slik plassert at det er anten naudsynt eller vesentleg enklare å nå dei ved å nytta båt. Det er da tenleg å ha ein egna båt liggande klar på sjøen med tak over når slik transport er naudsynt.

Det flytande naustet det her vert søkt løyve til skal fortøyast til ein eksisterande kai og vert såleis eit tiltak i tråd med dagen bruk av areala. Naustet gjev tryggleik for båten og at den er i akseptabel beredskap for på kort varsel å kunna takast i bruk.

Estetisk vil dette flytande naustet likna på andre naust i området og ikkje skilja seg negativt ut for området. I seg sjølv har også naustet ein rimeleg god visuell kvalitet.

Tiltakshavar ser ingen negative konsekvensar ved tiltaket og dei positive konsekvensane for tiltakshavar er store.

Tiltakshavar meiner det er ei stor overvekt av positive konsekvensar ved å gje dispensasjonar for å leggja ut dette flytande naustet.

Signatur

tiltakshavar

ansvarlig søkjar

Masfjorden Elektro AS
v/ Vigeik Daae

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
v/ Bjørn Rune Kvinge

29.04.2022

dato

Vigeik Daae
signatur

29.04.2022

dato

Bjørn R. Kvinge
signatur

Vedlegg

Type vedlegg	datert	vedlagt	ikkje vedlagt
Kvittering for nabovarsel, levert som del av søknad om byggeløyve		x	
Situasjonsplan		x	
Kart og plankart		x	
Plan- og snitteikning		x	
Fasadeteikningar		x	
Skråfoto frå 2012		x	
Utale frå offentleg etat			x
Andre vedlegg			x